



Jnr.1170.14  
GJG/rr

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Att. Fylkesordførar Tom-Christer Nilsen

## **VEDR. NY POLITISTRUKTUR**

Politireforma var på høyring hausten 2013 og i fleire av framlegga til ny struktur er kommunane som er med i Haugaland og Sunnhordland politidistrikt føreslegen slått saman med Rogaland og Agder. Dette er kommunane Bømlo, Stord, Sveio, Etne og Fitjar.

Kommunane Tysnes, Kvinnherad og Austevoll høyrer til Hordaland politidistrikt.

Samarbeidsrådet seier i sin uttale at det er viktig å oppretthalda Haugaland og Sunnhordland politidistrikt, men dersom dette inneber ei organisering der Sunnhordland blir lagt saman med Agder eller Rogaland Politidistrikt ynskjer rådet at fylkesgrensa vert avgjerande, og at kommunane i Sunnhordland går til Hordaland politidistrikt.

Den beste løysinga er eit stort politidistrikt, der både Hordaland og Rogaland inngår. Då vil ein unngå ei splitting av funksjoner som fungerer svært bra.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland ber om at fylkespolitikarane i Hordaland støtter rådet sin uttale.

Sunnhordland, 21. august 2014

Kjetil Hestad (s)  
styreleiar

Gro Jensen Gjerde (s)  
dagleg leiar

Vedlegg: Uttale – NOU2013:9 Eitt politi – rusta til å møte framtidas utfordringar